Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Åseral

Emne: Vannbæring | Bygdelag: Åseral

Oppskr. av: Gunhild Å. Smeland | Gard: Smeland

(adresse): Åseral | G.nr. 25 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Me hev brukt vassåk og tvo bytter å bera vatn i.
Me kaller det bare „åkjel" (eit åk)
Det kviler på båe herdane med utholа opning for halsen midt på åket. I endane er det eit jarnlekkje med ein jarnkrok i til å hengja byttene i.
Mange bar vatn i tre bytter ei tid etter hundradårsskiftet
2. Desse måtane er ikkje brukt å bera vatn på, men å leggja eit tre for skvalpsing er brukt
3. Ikkje brukt her.
4. Fyrr i tida var det tinest gjenta som bar vatn. No er det nokon kvar som ber det, etter som det høver
5. Det hender enno det vert bore vatn i åk, ikkje bore på små bruk, men på store og
6. Dersom det vert vassnaud so ein må langt avstad, køyrer ein anten på slede eller kjerre, og då legg

1267

2)

ein bytta uppi kjerret for skvalping dersom ein ikkje hev lok på.

7. Dei fleste hev innlagt vatnspring i fjoset „floren" og mange hev dit i kjøkkenet og, so dit er gjort store framsteg i so måte dei siste 10-20 åri.

1267

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

V. Agd
Åseral

2576

NORSK ETNO O GISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Nei

Åseral, Vest Agder